

Den framtidige verdien av Hornelen er mykje større utan ein "Via Ferrata" der.

Hornelen er som kjent Europa si høgste sjøklippe der den med sine 860 meter stiger rett opp frå fjorden. Eit fjell som med sin plassering og form har gjeve inspirasjon til både overtru og forteljingar opp igjennom historia. Saman med fjellet Vora i Breim var det blant anna ein av opphaldsplassane til hekser her i Nordfjordregionen i si tid, og dei heldt fest her oppe med Fanden sjølv. Fjellet er også staden for Norge sin fyrste klatrerute, besteget av Olav Trygvason i "hine hårde dagar", faktisk 870 år før Slingsby besteig fylket sin andre fjelljuvel, Store skagastølstind i 1876, so her plasserer Hornelen seg godt inn i Norge sin klatrehistorie.

Geologien her ved Hornelen er og sær s spesiell, både i høve sjølv bergartane som er her, (yngre sedimentære artar som Breksje, Konglomeratar og Sandstein), samt formasjonane i fjellandskapet rundt Hornelen og Bremangerlandet forøvrigt. Kjent for dei utprega hylleformasjonane i fjellandskapet. Formasjonane i Hornelbassenget er unik også i internasjonal samanheng (Norges geologi).

Hornelen står no framfor ei ny tid der etablering av ein "Via ferrata" er under planlegging opp austveggen av fjellet, rett til topps. Dette for å ruste både Hornelen og Bremangerområdet klar som turistdestinasjon for framtidige opplevingsultne gjester. Men er ikkje dette eigentleg "å gå baklengs inn i framtida"? Er det eigentleg grunnlag for eit slikt inngrep her? Har ikkje urørt natur større betydning for folk flest enn tilrettelagde opplevingar? Burde ikkje Bremanger heller tenke meir mot det som faktisk er ein trend i dag, og som vil markere seg sterkare i framtida, nemleg det å kunne tilby gjester (tilnærma) urøyr natur, gjerne med lokal forankring i fjellet sine segner? Kva med sikkerheit rundt Via ferrataen?, responstid til ulike redningsgrupper i området ved eventuelle uhell?, klima? Den allereie etablerte kulturhistoria som er der?

For å ta etableringa først.

Inngrepa her ved å etablere ein Via ferrata er relativt store. For å nå austveggen på Hornelen, skal det etablerast ein ny sti frå Parkeringsplassen ved Hunskår til Slettebakkane og vidare opp mot der Via ferrataen er planlagt å starte. Dette i seg sjølv er eit stort inngrep i urørt natur, eit inngrep som også kjem i konflikt med det nasjonale strandsonevernet då stien vil gå mindre enn 100 meter frå stranda. Stien vil gå i eit område, som ut frå geologirapporten utarbeida av SGC /Geofare, omfattar å krysse ikkje mindre enn fire skredvifter, samt er utsett for mykje lausgods som ligger i terrenget over der den tenkte stien skal gå. For å kompensere for denne reelle faren for både steinsprang og skred anbefalar SGC /Geofare å bygge ein skredvoll på 1-1/2 meters høgde for å sikre stien. Berre det viser jo til kor stor faren er ved å legge ein sti her i dette terrenget, samtidig må jo dette også vere den fyrste stien i Norges historie, ja kanskje i verdshistoria som blir sikra med ein skredvoll.

Vidare oppover frå Slettebakkane mot der Via ferrataen skal starte, skal stien følge i bratt terreng og etablerast i kanten, rett utanfor ei skredvifte. Her skriv SGC /Geofare: "Store skredhendingar kan sjølv sagt medføre skredavsetningar utanfor dei normale leiene, so heilt skredsikkert er ikkje området".

Resten av stien oppover går i sopass bratt terreng at steinsprangfaren vil vere overhengande, sjølv om det vil bli sett inn tiltak med fjellreinsking i området, slik SGC /Geofare anbefalar. Dette fordi det ligger mykje lausgods på hyller oppover i fjellsida,

samtidig som fjellveggen i seg sjølv inneheld mykje sprekkssystem som med tidas tann vil erodere og falle ned.

So kven har eigentleg ansvaret her ved uhell som følgje av eventuelle steinsprang/steinskred osv?

Klima.

Hornelen ligg i eit av dei mest nedbørsrike områda i landet (<http://www.senorge.no/index.html?p=klima>) med 3500-4000 mm nedbør i eit gjennomsnittleg år. I gjennomsnitt er det 14 til 19 dagar per månad i sommarsesongen (mai - sept) med meir enn 1 mm med nedbør pr døgn.

Gjennomsnittstemperaturen i området for same tidsrom er 9,5 grader i mai, 12 grader i juni, 13,8 grader i juli og 10,6 grader i september (met.no) . Det er også gjort vindmålingar på den andre siden av Frøysjøen i samband med den planlagte vindkraftparken som er under utgreiing på fjellet ovanfor Hennøya. Her viser målingane at gjennomsnittsvind for same tidsperiode (mai – sept) ligg på 6,7-7 m/sec. Den rådande vindretninga i området er frå sør/sørvest, altså rett inn Frøysjøen og mot der den planlagde ruta skal gå opp austveggen på Hornelen. Ofte blir klatreturar på andre eksponerte fjell (Romsdalshorn, Store skagastølstind) avlyst ved vind sterkare enn 8 m/sec (norgesguidene.no, breogfjell.no). Dette pga nedkjøling, dårleg kommunikasjon mellom deltakarane i vinden samt at deltakarane har lettare for å bli meir stressa i ein slik situasjon i sterk vind. På Hornelen vil då vinden, gjennomsnittleg, ligge over den grensa på 8 m/sec rundt halvparten av dagane i denne perioden som er aktuell for å bruke Via ferrataen.

Frå Meteorologisk institutt får ein og opplysningar om at statistisk så ligg alle fjella i Sogn og Fjordane over 800 moh i skyene/tåke 50 % av året sine dagar, spesielt gjelder dette kystfjell som Hornelen. Dette gjev då store problem for evt helikopter ved ein eventuell redningsaksjon på ruta.

Redning.

Ein må rekne med at det vil forekomme ulykker/skader på ein slik Via ferrata med so mykje eksponert terreng, både med tanke på fallskadar i sjølve anlegget og evt steinsprang utløynt av andre brukarar eller av naturlege årsaker. Ved turar med førar vil nok sikkerheit i forhold til fall og fallenergi (fallabsorberande system) bli ivareteke, men på private turar vil dette ikkje kunne bli følgt opp på same måte. Dvs at folk gjerne klatrar Via ferrataen med privat utstyr, slik som bruk av statiske slynger kopla til wiren istadenfor fallabsorberande slynger som er godkjent for å falle i. Fall i statiske slynger fører til større belastning på kroppen ved evt fall, gjerne med personskade som utgang. Vêrforholda i området gjer sitt til at det er større sannsyn for fleire ulykker her enn på anlegget lenger inne i Nordfjorden. Dette med tanke på at det er meir nedbør, fleire dagar med sterk vind, fleire dagar med tåke og lågare temperaturar. Det er og mykje mindre sol på ruta på Hornelen enn på Hoven i Loen, dette er pga himmeleksponeringa på dei to rutene. Hornelen sin ligg aust/nord aust, medan ruta i Loen ligg eksponert rett sør.

Frå Norsk luftambulans i Førde vil det realistisk ta ca ½-1 time , medrekna reaksjonstid, på å nå Hornelen. Dette er ca dei same tidene både frå Ålesund og Florø. Oppdrag redningsmannskapet på helikoptera kan utføre er avgrensa i tilfelle den skadde ligger i det som blir omfatta som alpint terreng. I dei her tilfella, som Via Ferrataen i Hornelen vil ligge under, blir Alpine redningsgrupper tilkalla for å bistå redningsmannskapa, gjerne i samband med lokale frivillige slik som Folkehjelpen, Røde kors og Bratt lende

grupper. Disse gruppene er basert på frivillighet og sjølververva eigenferdighet. Det er ikkje vanleg at dei frivillige gruppene blir flydd inn med første løftet til Helikoptera. Normalt fraktar gruppene seg sjølv i bil til ein eventuelt avtalt møtestad/parkering nær skadestad. Dei nærmaste Alpine redningsgruppene er lokalisert i høvesvis Ørsta (Sunnmøre alpine redningslag), Sogndal/Jostedalen (Jostedalen alpine redningsgruppe) og Bergen (Hordaland alpine redningsgruppe). Det tar ca 1 time å mobilisere ei alpine redningsgruppe, samt køyretid, so tar dette høvesvis 3,15 timar frå Ørsta, 4 timar frå Sogndal, og 5,20 timar frå Bergen til parkeringsplassen ved f.eks Hunnskår. Om redningshelikopteret blir forhindra av for eksempel tåke, noko som er ganske vanleg på Vestlandske fjell i sin heilskap (50% av dagane i gjennomsnitt i året) eller andre oppdrag, vil det for eksempel for den Alpine redningsgruppe ta alt frå ein til fire timar å ta seg fram til den skadde på ein sikker måte til fots frå parkeringa på Hunnskår. Deretter tar det ofte tilsvarande med tid for å få den skadde ned igjen. So ved ein eventuell redningsaksjon der helikopter ikkje kan brukast, vil det gå, realistisk, mellom 8-12 timar før den skadde er komt i sikkerheit nede ved parkeringsplassen igjen etter at skaden er meldt inn til hovudredningssentralen.

Allemannsretten.

Kan ein ta betalt for å entre denne Via ferrataen? I følge friluftsløven står det: At alle har rett til å ferdes fritt i naturen så lenge det ikkje er til sjenanse for andre og ein opptrer omsynsfullt og at man tar naturen slik den er. Slik sett gjev allemannsretten økonomiske hindringar for å tjene pengar på dette anlegget då ein ikkje kan hindre folk i å gå der fritt utan å krevje betaling av dei. Det må då vere med ein eventuell fjellfører/fjellførarfirma at det økonomiske bilete kjem inn her.

Naturopplevingar kontra opplevingar.

Reiselivsnæringa er opptatt av å gje dei tilreisande gjestene våre opplevingar, gjerne aktivitetsopplevingar, men kva er det eigentleg turisten vil ha? Er det naturopplevingar som står sterkast i deira ønske, eller er der tilrettelagde opplevingar der ein gjer naturen om til ein fornøyelsespark der spenninga står i høgsete?

Om ein anlegg Via ferrataen opp austveggen på Hornelen, vil nok fortsatt størsteparten av trafikken til toppen av fjellet gå via turstien. Dette fordi ein tur i Via ferrataen vil gå i so eksponert terreng at det vil vere uaktuell for dei fleste turgåarar, samt også uaktuell for den delen av befolkninga som blir tiltrekt av rein klatring i tradisjonell stil der det urørte står i fokus for opplevinga. Med fråfallet av dei her gruppene står ein igjen med ei lita gruppe dette er aktuelt for, ei gruppe som då blir tiltrekt inn i klatreterreng utan å ha naudsynt kompetanse på plass, både når det gjeld høgdetilvenning og ferdigheitane til å bevege seg i luftig terreng av denne karakter. Dette kan lett øydelegge opplevinga for turgåarane som tek seg opp fjellet på "normal" måte også, fordi folk som nettopp har brutt sine personlege grenser ofte har stort behov for å utrykke det når ein kjem på toppen. Dette står i sterk kontrast til kjensla av ro og fred som storparten av fjellfolket søker i naturen. Eit anna punkt er også Parkeringsplassen som skal utvidast ved gravplassen på Hunnskår. Det kan lett følast som eit overtramp når folk som nettopp er komt ned igjen frå ein tur der ein har sprengt sine grenser i luftig terreng møter folk som er komt for å sørge, tenke over sine døde på gravplassen.

Urørt natur blir det mindre av i landet vårt og dermed er det enno viktigare å ta vare på det vi har igjen. Dette er viktig både for oss sjølv, men også av respekt for framtidige generasjonar.

Dei fleste som kjem på besøk i området vårt trekker fram Fjordane og den urørte naturen som dei største verdiane for val av destinasjon. Gjennom vinterhalvåret trekker fleire og fleire kontinentale Europearar til den Norske fjellheimen på sine alpine ski. Dei vel altså å kome til Norge fordi det ikkje er like tilrettelagt her som i deira heimlege Alpar. Kjensla av å gå i naturen utan tilrettelegging gjev derfor ein so mykje større oppleving enn å bli trekt opp på fjella med heis at dei vel dette, sjølv om det betyr meir slit, mindre skikøyring. Dette gjeld også for sommarturismen.

DNT setter fortsatt nye besøksrekordar på hyttene sine kvar sesong, og tall turar som blir gjennomført i fjellheimen vår i regi av fjellføringsfirma aukar frå år til år.

Det som er likheitsteikna her er naturopplevingar. Altså nærkontakt med natur utan inngrep.

Ein Via ferrata opp Hornelen vil nok bli besøkt, men av kor mange? Kva økonomisk vinst vil dei besøkande legge igjen i nærområda i forhold til inngrepa eit slikt anlegg står for? 7 millionar vil det koste å få anlegget opp å gå. Er det verdt investeringa i forhold til opplevingane folk vil sitte att med? Vil "mannen i sofaen" kjøpe seg nye fjellsko fordi det blir anlagt ein ny Via ferrata på Hornelen? Er det å bruke "Folkehelse i friluftsliv" eit argument godt nok for eit slikt inngrep?

Kva med heller å bruke ein del av pengane på å marknadsføre Hornelen som "rein tur i rein natur"?

Ein kan jo berre sjå over fylkesgrensa til Møre og Romsdal og sjå kva litt målretta marknadsføring av Romsdalseggen har ført til. Det burde ikkje vere vanskeleg å få marknadsført Hornelen på same måte. Naturen ligg iallfall til rette for det.

Urørt natur er ein viktig ressurs for turistnæringa i fylket og for Bremanger, og vil bli endå viktigare i framtida. Derfor står ein Via ferrata-fri Hornelen som ein sterkare merkevare for framtida enn fjellet med eit slikt anlegg.

Tørr å la Hornelen forbli «installasjonsfri», det vil Bremanger tene på i framtida!

Sigurd Felde
FNF prosjektkoordinator